

Planlegging av vindkraft på Eide i Fjell kommune

Innleiing

Fjell kommune ligg i eit område på Vestlandet med betydeleg potensial for vindkraft og i kommuneplanen er det vedteke å legge tilrette for utbygging av vindkraft innanfor kommunen.


Vestavind Kraft AS har overteke dette prosjektet frå Hybrid Technology AS som starta planane med Eide vindpark i 2005.

Formålet med dette faktaarket er å gje ei oversikt over planane til Vestavind Kraft AS. Utbyggjar vurderar å konsesjonssøke anlegget for å klarlegge verknadane av tiltaket. Vestavind Kraft AS er no i ein prosjektfase der vi ynskjer å avklare korleis lokale styresmakter og grunneigarar stiller seg til planane.

Om lokaliteten Eide


Anlegget er planlagt plassert i småkupert terreng vest på Sotra i Fjell kommune, jf. kartskisse nedanfor. Bakgrunnen for plasseringa er å finne i desse høva:

- Særs gode vindtilhøve
- Nærleik til sjøvegen og til lokalt høgspennett
- Avstand til eksisterande busetnad
- Området er i kommuneplanen sett av til industri og vindkraft



Figur 1 Skisse som syner område tiltenkt vindkraftverk

Kartet nedanfor syner ei mogleg plassering av tre vindturbinar med anleggsveg. Endelig plassering, val av størrelse og talet på møller vil bli gjort når detaljplanane vert utferda.



Figur 2 Skisse over mogleg plassering av vindturbinar og anleggsveg

Vindturbinane

Vindturbinane vil ha ei installert effekt på mellom 2 og 3 MW kvar. Navhøgde og rotordiameter vil for dei største turbinane vere ca 90 meter. For møller på 2 MW vil navhøgde vere om lag 70 meter

Internt Kabelanlegg

Kraftproduksjonen frå vindturbinane skal overførast via jordkabel til 22kV høgspenningelinje som er ført fram til industriområdet rett nord for vindkraftverket. Denne høgspenningelinja må kanskje forsterkast fram til T-avgreininga ved fylkesvegen. Dette er avhengig av kor stor vindkraftverket blir.

Veg og monteringsplass

Det må byggast veg for å sikre tilkomst til vindturbinane. Anleggsvegen vil verte gruslagt og bli opparbeidd med ein total breidde på 5 meter. Ved kvar vindturbin må det også opparbeidast monteringsplassar på ca 800 m² kvar. Anleggsvegen si lengde vert omtrent 900 meter, avhengig av kvar ein får til tilkomst frå sjø.

Lovgrunnlag og sakshandsaming

Energilova

Bygging og drift av vindkraftverk, er omfatta av energilova av 29. juni 1990, § 1-1. Det går fram av energilova § 3-1 at anlegg for produksjon, omforming, overføring og distribusjon av elektrisk energi med høg spenning, 1000 V eller meir, ikkje kan byggjast eller drivast utan konsesjon. Tiltaket omfattar alle anleggsdelar, til og med tilknytingspunkt i leidningsnett. Om anlegget er konsesjonspliktig skal alle deler av tiltaket skildrast i søknaden.

Plan og bygningslova

Planhandsaming:

Ny plan- og bygningslov tredde i kraft 1. juli 2009. Vindkraftverk som krev konsesjon etter energilova vert fortsett omfatta av plan- og bygningslova, men det er ikkje lenger noko reguleringsplikt for slike anlegg.

Konsekvensutgreiingar:

I forskrift om konsekvensutgreiingar av 1.4.2005 går det fram at det må utarbeidast melding og konsekvensutredning (KU) for vindkraftverk med installert effekt > 10 MW.

Vindkraftverk med en installert effekt \leq 10 MW kan omsøkast etter energiloven § 3-1.

Er det ikkje krav om melding og KU etter plan- og bygningslova, skal likevel vesentlege konsekvensar av tiltaket skildrast grundig som en del av konsesjonssøknaden.

Anna lovverk

Vindkraftverk må også avklarast i høve til andre lovverk som for eksempel kulturminneloven, forureiningslova og naturmangfaldslova.

Skildring av konsekvensar i konsesjonssøknad

Det planlagde vindkraftverket på Eide har ein installert effekt under 10 MW og vert soleis ikkje omfatta av krav til konsekvensutgreiing. Tiltakshavar lyt likevel skildre konsekvensane av tiltaket grundig i ein konsesjonssøknad. Under er ei opplisting av tema som vil verte utgreidd og skildra i konsesjonssøknaden.

- Busetnad
- Innverking på landskap
- Visualisering
- Friluftsliv og rekreasjon
- Kulturminne
- Biologisk mangfald
- Skuggekast
- Støy
- Ising
- Samfunnsmessige konsekvensar